

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 26/2004

Møtedato: 12.05.04

Arkiv nr: S 623

F 510/S 623, N.TRØLLHØVD – SØKNAD OM TILBAKEFØRING AV HYTTEFESTE TIL STØLEN

Knut Hjelle Hakkestad har støl på Nørre Trøllhøvd (S 623). Dei gamle husa til stølen har Ola Hjelle feste på (F 510) og dette ligg inne på stølsutmålinga. Dei søker no i fellesskap om at hyttefestet blir stroke og at hytta med uthus går inn som ein del av stølshusa.

Ved eigarskifte i 1968 vart inngått avtale om at stølstunet skulle disponerast av foreldra og bror til ny eigar. Statskog kravde i 1971 at det skulle opprettast feste på husa. Fjellstyret tilrådde i sak 77/71 at det kunne opprettast feste. Feste vart oppretta frå 1.1.1972.

Hytta er i følgje registreringskortet på 55m² og uthuset på 21,6 m². På stølen er det frå før følgjande hus: uthus/løe 15 m², sel 42 m² og fjøs 45 m².

Knut Hjelle Hakkestad opplyser at stølen blir brukt til produksjon av for til sal.

Bygging på stølen i bruk skal behandlast etter § 13 i stølsforskriftene der det heiter:

Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal taka stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og det kan setje vilkår. Før fjellstyret gjer vedtak skal saka leggjast fram for Statskog til fråsegn.

Dersom fjellstyret vil krevje at hus som alt står, skal rivast, må saka føreleggast for regional kulturminneforvaltning til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved endring eller utviding av hus på seter.

Hytta var tenkt brukt som kårsel og er brukt som dette sidan overføring av eigedomen. Etter påtrykk frå Statskog vart det oppretta feste sjølv om dette vart brukt som kårsel. Eksisterande sel (42m²) er ikkje stort og det er heller ikkje hytta (55m²). Samla er dette omtrent det som er vanleg for eit sel eller ei hytte.

Fjellstyret har hatt det som mål å få redusere talet på fester inne på stølsлага når det er mogeleg. Det blir godkjent kårhus på stølane på vilkår av at dette blir ført opp i tun. Tilsvarende søknad hadde i dag vorte løyst ved oppføring av kårsel i ei tunløyning utan oppretting av festekontrakt.

Statskog skriv i e-post datert 10.5.04 følgjande:

Når det bare drives forproduksjon for salg, mener vi det burde være nok med ett sel på stølen (42 m2 iflg. stølsregisteret). Husene ligger vel også så langt fra hverandre, ca. 100 m iflg. kartet, slik at bebyggelsen ikke blir liggende i noe tun. Hytta ligger også i utkanten av stølsvollen. Saken er dessuten så spesiell at det vel mer går på å få et hyttefeste mindre i stølsområdet. Vi avventer derfor fjellstyret behandling før vi tar endelig standpunkt til saken.

Etter § 13 i stølsforskriftene er det fjellstyret som tek avgjer i desse sakene. I denne samanheng er ikkje Statskog overordna organ som skal avgjera søknaden etter behandling i fjellstyret, men dei har rett til uttale. Statskog har i si uttale ikkje gjort klare tilrådingar.

VEDTAK:

Fjellstyret godkjenner etter § 13 i stølsforskriftene at hytte og uthus inngår i stølsbebyggelsen og at feste 510 med det blir sletta .

Embrig Før deltok ikkje i behandling av saka.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 14.5.04.

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Ola Hjelle
Knut Hjelle Hakkestad
Statskog
Vestre Slidre kommune, LNT